

Kvinnherad kommune	
05 JUNI 2012	
Saksnr.: 2011/1865	U.off.:
Saksbeh.: IKD	Kopi:

Rosendal, 4. juni 2012

Til Kvinnherad kommune

Trafikksikringstiltak langs Kyrkjevegen og Træsvegen i Rosendal

Viser til Kommunedelplan Trafikksikring 2012-2020 vedlegg 2: Føreslåtte tiltak. Vi kan ikkje sjå at oppmodinga frå Foreldrerådets arbeidsutval (FAU) ved FUS Rosendal barnehage (sjå brev datert 14. oktober 2010, kopi sendt Tekniske tenester, Kvinnherad kommune) om å redusera fartsgrensa gjennom Kyrkjevegen frå 50 km/t til 30 km/t eller lågare er tatt omsyn til.

Som foreldre til barnehage- og skuleborn, pårørande til eldre og eldre som er busett i området, vil vi gjenta oppmodinga om å få redusert farta i Kyrkjevegen og Træsvegen frå 50 km/t til 30 km/t. Tiltaket vil være eit svært så rimelig trafikksikringstiltak samanlikna med dei fleste andre på tiltakslista.

Vi gjer merksam på at fartsmålingar i Kyrkjevegen utført av Statens vegvesen i 2010 i perioden 24/9 - 3/10 tyder på høg fart i området. Målingane vart utført ved Kyrkjevegen 29, i ein sving, ei plassering som ikkje er ideell med tanke på å måle reell fart langs vegen. Likevel viser målingane at 15 prosent av trafikken held ei fart høgare enn 46 km/t.

Vi gjentar gjerne den klare motivasjonen for trafikksikringstiltaket:

Barnehagen i Rosendal, som opna i juni 2010, er lokalisert slik at Kyrkjevegen og Træsvegen vert brukt meir enn før som transportveg til og frå aktivitetar i regi av barnehagen, eksempel på dette er daglege turar anten til Putballbanen, Steinparken eller Baroniet. Vegen vert òg brukt av foreldre og born i samband med levering og henting i barnehagen. Det er òg stadig fleire barnefamiljar som naturleg soknar til vegen. For desse familieane vil fartsreduksjonen bety mykje for tryggleikskjensla, då dei må bruka vegen til og frå skule og fritidsaktivitetar. Kyrkjevegen er utan fortau, etter forholda smal, har fleire stikkvegar og her køyrer både personbiltrafikk, lastebiltrafikk, trailerar og traktorar. Desse forholda gjer det til tider risikabelt langs vegen. Tilsette ved barnehagen og foreldre har gitt uttrykk for at dei opplever vegen som utrygg. Vi meiner at ein fartsreduksjon, samt betre skilting, vil auka sikkerheita for born og andre som brukar vegen.

Det er dessutan slik at ulike typar av arrangement i Kvinnherad kyrkje, og dei er det rett mange av i løpet av eit år, fører med seg tidvis mykje biltrafikk og enkelte kjører for fort. Spesielt vanskeleg er det då for born og vaksne å koma gåande eller syklande opp eller ned bakken som startar i krysset Træsvegen/Kyrkjevegen. Det er i tillegg ridehallar og stallar som soknar til Kyrkjevegen, og ekvipasjar er dagleg å sjå langs Kyrkjevegen/Træsvegen. Lågare fart vil gjera denne aktiviteten tryggare både for hestane og dei tidvis unge ryttrarane.

Fartsreduksjonen på strekninga frå krysset Baronivegen/Kyrkjevegen til Kvinnherad kyrkje vil for bilistar bety ein marginal forlenging av køyretida på strekninga. Trafikkbilete og vil bli betre, spesielt i den mørke årstida. Tiltaket er som nemnt i alle høve eit rimelig «føre var» tiltak. Vi håpar at kommunen vil sjå positivt på vår oppmoding, og at fartsgrensereduksjon kan tre i kraft så snart som råd er.

Venleg helsing FAU ved Rosendal Barnehage

For FAU: Linda Dew